

2. dagsgudsteneste med trompetsolo.

25.12.2020



Velkomne til julegudsteneste, 2. juledag, med sokneprest Carsten Mrusek som liturg.

Julegudstenesta i Uskedalen er i morgon, 2. juledag, kl. 11.00. Det er ei høgtidsgudsteneste med presten Carsten Mrusek som liturg og kantor Eva Megyesi som organist. Det lov å vera 50 personar i kyrkja og det vert ført fram møteliste.

Sigmund Ulvestadbakken spelar tompetsolo saman med kantoren på orgel.

Offergåva går denne gongen til Sjømannskyrkja - norsk kyrkje i utlandet. Det er ein lang tradisjon i Uskedalen med gåve til Sjømannsmisjonen i jula. Bygda hadde i mange år ein aktiv forening tilhøyrande Sjømannskyrkja. Eit stort tal sjøfolk frå bygda hadde arbeidet sitt på sjøen og den årlege sjømannbasaren og julepakkane vart eit fast innslag i deira arbeid.

***Velkomne til Høgtidsgudsteneste i morgon, 2. juledag, kl. 11.00.
Det høve til å gje ei gåve på VIPPS: 131504***

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Kjersti Brakestad Boge / Thor Inge Døssland